



Skulemusikken har god vind i segla og håpar på fleire medlemmer. Bildet er frå storkonserten sist søndag.

Uskedal skulemusikk er inne i ein særdeles god flyt, og no håpar styret på at dei skal verte endå fleire medlemmer. I går, tysdag, hadde dei derfor samling for dei som ønskjer å verte aspirantar komande skuleår. Aspirantopplæringa vert gjeven gjennom kulturskulen, og søknadsfristen der er 15.april.

Styret hadde i år gjort ein vri. Instrumentprøvinga var lagt til leksetida på skulen. Tilbodet er retta mot dei som går i 2. , 3. og evt. 4. klasse.

Lene B. Taranger og Hilde Bringedal frå styret tok mot dei som var interesserte, og dei fekk god hjelp frå skulemusikkmedlemmene Simon Taranger og Emilie Bringedal til å instruere korleis dei fekk lyd i instrumenta. - Det var 7 - 8 stykke som var innom og prøvde instrument, fortel Lene Taranger, og det er vi veldig godt fornøgd med. Nokre hadde også med seg foreldre. Ho legg til at ein sjølv sagt kan byrja som aspirant sjølv om ein ikkje var og prøvde instrument tirsdag. Men alle må søkje om opptak i kulturskulen innan 15.april.

Dei som møtte opp, vart også invitert til å komme og høyre på skulemusikkøvinga om kvelden.

Vi håpar dette gjev resultat i mange nye skulekorpsmedlemmer. Med den gode flyten korpset har, og med dei gode dirigent- og instruktørkreftene som vert brukt, vert dette eit særdeles godt og sosialt musikktilbod til dei unge uskedalingane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.